



Valle kommune



# Trafikksikringsplan for Valle kommune

## 2023 - 2030



Vedteken i kommunestyret 30.03.23

# Innhald

<b>1. Planføresetnader.....</b>	<b>2</b>
1.1 Organisering.....	2
1.2 Medverknad .....	2
1.3 Samandrag.....	2
<b>2. Nosituasjon og utviklingstrekk.....</b>	<b>2</b>
2.1 Dagens veg og trafikksituasjon .....	3
2.2 Pågående utvikling og planarbeid med framtidige tiltak .....	3
<b>3. Mål og strategiar frå kommuneplanen .....</b>	<b>3</b>
<b>4. Delmål for planen.....</b>	<b>4</b>
<b>5. Handlingsplan.....</b>	<b>4</b>
5.1 Haldningsskapande arbeid .....	4
5.2 Fysiske trafikksikringstiltak .....	5
5.3 Vurderingar .....	5



# 1. Planføresetnader

Valle kommune har i planstrategien vedteke å revidere trafikksikringsplanen for Valle kommune.

Planen vert utarbeidd for perioden 2023-2030. Kommunen har tidlegare vedteke at dette er ein temaplan som kan rullerast etter behov i høve andre planar og kommunedelplanar.

## 1.1 Organisering

Planarbeidet er organisert ved at det er sett ned ei arbeidsgruppe beståande av

- Magnus Berg
- Geir Helge Solheim
- Torleif Homme

## 1.2 Medverknad

Prosjektgruppa har gjennom annonsering i lokalpresse og på Valle kommune sine heimesider oppfordra alle i kommunen til å kome med innspel til planen. Det har kome inn fleire innspel til prosjektgruppa.

Plan- og miljøutvalet har vore delaktige i drøfting av innkomne forslag.

## 1.3 Samandrag

Planen syner at dei aller fleste tiltaka er i høve fylkesvegar. Dei fleste av desse tiltaka skal ivareta tryggleiken for dei mjuke trafikantane.

Ein del forslag omhandlar og det kommunale vegnettet og bustadfelt.

Langs rv 9 har det berre kome forslag rundt av- og påkøyringar samt kryssingar.

# 2. Nosituasjon og utviklingstrekk

Valle kommune ligg i Setesdal i Agder fylke. Nabokommune i sør er Bygland og Bykle i nord.

Hovudtrafikkåra er rv 9 gjennom Setesdal med samankopling til fv 450 mot Rogaland i vest og Vestfold og Telemark i aust. Fv 450 er vinterstengt mot Rogaland.

Busetnaden er i hovudsak langs dalbotnen med busetnad i grender frå sør til nord.

Hovudtettstadene er Rysstad og Valle. Begge desse har sentrumsfunksjonar og skular.

Rysstad har kommunal barnehage og ein folkehøgskule. I Valle er det barnehage, grunnskule og vidaregåande skule. I tillegg ligg kommuneadministrasjonen, helsecenter og sjuke- og aldersheim i Valle.

Langs rv 9 er kommunens lengde ca 38 km.

Det bur i dag om lag 1180 personar i kommunen.

Kommunen har og eit stort antal hytter og feriehus. Desse er i hovudsak etablert i Brokke og Bjørnevatn, begge langsmed fv 450.

Valle er kommunesenter der mange har sine dagslege gjeremål eller behov for å kome innom tettstaden. Valle må derfor sjåast på som eit trafikknutepunkt i kommunen.

## 2.1 Dagens veg og trafikksituasjon

Kommunen har eit godt hovudvegnett og rv 9 har vore gjennom fleire store utbetringar gjennom kommunen. Det er eit godt gang- og sykkelvegnett, som med dei føreslegne suppleringar i denne trafikksikringsplanen vil gi kommunen eit heilskapleg nett.

Fylkesvegane er av eldre dato og tener i mange tilfelle få bustader. Utforming og breidder krev at trafikantane må ta naudsynte omsyn, og dette vert ein del av trafikksikkerheita.

Kommunale vegar utanfor dei regulerte bustadområda må reknast å ha tilfredsstillande standard i høve trafikk/bruk.

## 2.2 Pågåande utvikling og planarbeid med framtidige tiltak

Det er sett i gong planlegging av ny rundkjøring ved avkjøringa til Valle sentrum. I same prosjektet ligg bygging av gang- og sykkelveg frå rv 9 og fram til sentrum. Prosjekta er finansiert med statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar og skal realiserast i løpet av 2023.

Det er og i gong planlegging av utbetring av «kyrkjesvingen».

På Honnevje og sør for Reimarmoen er Statens vegvesen i gang med avkjøringsfelt, rassikring og kurveutbetring. I tillegg opparbeider Statens vegvesen gang og sykkelsti frå Honnevje og nord til bruva over Otra (Einang).

# 3. Mål og strategiar frå kommuneplanen

Kommuneplanen seier dette om samferdsel:

- «Valle kommune skal ha eit effektivt, framtidsretta og trafikksikkert vegnett bygd opp kring riksveg 9 gjennom Setesdal som hovudåre, med forgreining til Dalen i aust via fylkesveg 45 og Sirdal i vest via fylkesveg 337.»

- «Det kommunale vegnettet skal tilfredsstille krava til trafikksikring, effektiv drift og forvaltning. Meir fysisk aktivitet gjennom å gå og sykle til skule og arbeid. Dette er viktig for folkehelsa.»

Det er viktig å ta med seg dette når ein skal planlegge og utføre trafikksikringstiltak for å sikre flest mogeleg innbyggjarar ein trygg kvar dag. Eit trygt vegnett kan stimulere til fleire mjuke trafikkantar noko som i neste ledd er eit godt folkehelsetiltak. Trafikksikringsplanen konkretiserer dei overordna måla frå kommuneplanen.

## 4. Delmål for planen

- Setje fokus på trafikksikringsarbeidet og redusere alle former for ulykker knytt til alle trafikantgrupper.
- Dokumentere tiltak og oppnå størst mogleg økonomisk støtte til trafikksikringstiltak på vegar i kommunen.
- Opplæring samt gjere innbyggjarane i kommunen meir trafikkbevisste for å ivareta seg sjølv og andre på ein omsynsfull og ansvarleg måte.

## 5. Handlingsplan

### 5.1 Haldningsskapande arbeid

Trafikksikringsplanen foreslår at barnehagar og skular har trafikkopplæring som tema på dei ulike alderstrinna. Det sjåast som viktig att dette vert organisert med deltakarar/forelesarar frå vegmynde, politi og køyreskular for å få ein best mogleg fagleg breidd og interesse blant elevar og ungdom.

Haldningsskapande opplæring er særstakt viktig på alle aldersnivå. Det er ein føresetnad at det enkelte skuletrinn utarbeider eit konsept for korleis undervisninga gjennomførast. Foreldre, foreldrekontakt og elevrådsmedlem må take del i konseptet.

Det reknast som viktig at lokale høve vert ivaretakne. Dette gjeld særleg interesse for bruk av køyretøy blant ungdom.

Agder fylkeskommune har gjennom Nullvisjonen ei eiga satsing på haldningsskapande arbeid i trafikken. Nullvisjonen har både kompetanse og ressursar til å jobbe målretta mot barn og unge i Agder. Setesdal er førebels ikkje ein del av Nullvisjonen sitt verkeområde, og det er difor naturleg å arbeide for å få til eit tettare samarbeid med fylkeskommunen om dette.

## 5.2 Fysiske trafikksikringstiltak

Tiltakslista inneholder alle dei innspel som har kome fram i planprosessen. Alle tiltak frå førre plan er gjennomgått og evaluert. Tiltak som framleis er aktuelle er vidareført i ny plan.

Grunnen til at nokre tiltak ikkje er tatt med er gjerne at dei ligg til privat grunn og ikkje er kommunen sitt ansvar, tiltak er løyst på annan måte eller at tiltaket er under arbeid/utført.

Sjølv om tiltaka har fått ei prioritering, vil det ikkje bety at ein utfører tiltaket først, ofte kan det vere naturleg å utføre andre tiltak (med lågare prioritering). Dette kan grunngjenvæst i oppstart av eit utbyggingsprosjekt, som kan vere naturleg å samkøyre med tiltaket. Det vil også vere eit spørsmål om finansiering. Gjennomføring av tiltak som krev kommunal finansiering vert avklart i samband med den årlege rulleringa av handlingsprogram, budsjett og økonomiplan.

Ein del av tiltaka ligg til Rv9, der er Statens vegvesen ansvarleg vegmyndighet. Sjølv om det er inne i tiltakslista til kommunen, er dette berre «forslag til tiltak», og må vurderast opp mot Statens vegvesen sine krav, handbøker og standarar. Ofte større fysiske tiltak og krev forhaldsvis mykje ressursar, planar og tid til gjennomføring. Andre mindre tiltak treng ikkje ekstraordinære løyingar eller planar, og kan gjerne utførast med eit høgare tempo.

## 5.3 Vurderingar

Veldig mange av innspela omtalar tryggleiken rundt skule og skuleveg. Innspela har etter kommunen sin vurdering få ulemper for andre trafikkantar. Desse vert difor prioritert. Fleire innspel går på fartsgrenser på typiske gjennomfartsårer. Nedsett fartsgrense på desse vegane vil medføre store ulemper for gjennomfartstrafikken. Valle kommune ynskjer heller å fremje andre tryggingstiltak som skilting og siktforbetring

Tiltaksnr	Tiltaksstad	Beskrivelse	Kalkulert kostnad	Ansvarleg	Merknad
1	Valle barnehage	Forlenge gang- og sykkelvegen fram til Valle barnehage	2 000 000	Valle kommune	
2	Valle skule	Etablere gangfelt mellom gangveg og skulen	50 000	Valle kommune	Kryssing bør etablerast i samband med sykkelveg til barnehagen.
3	Valle skule	Sikre trygg gangveg mellom SFO og kulturskulen	50 000	Valle kommune	
4	Leite bustadfelt	Etablere vegljos	300 000	Valle kommune	
5	Valle bygdeheim	Sikre svingen forbi dagsenteret	500 000	Valle kommune	Skilting og utviding av vegbane.
6	Fjelleskarevja	Forlenge gang- og sykkelvegen forbi Fjelleskarevja	1 000 000	Statens vegvesen	Kan gjerast i samband med utbetring av eksisterande kulvert.
8	Brokketrysset	Gangfelt og redusert fartsgrense på FV 450 ned mot RV 9	100 000	Agder fylkeskommune	
9	Brokke, FV 3814	Redusert fartsgrense	50 000	Agder fylkeskommune	
10	Rygnestadvegen	Redusert fartsgrense	50 000	Valle kommune	
11	Hovet/Bjørgum	Redusert fartsgrense	50 000	Agder fylkeskommune	
12	Håmåren	Utbetring av kryss i nordenden av Åsan grendefelt	200 000	Valle kommune/Statens vegvesen	
13	Bustadfelt	Etablere vegljos	2 500 000	Valle kommune	
14	Hengebru	Sikre trygg kryssing av RV 9	-	Statens vegvesen	
15	Nomeland	Gang- og sykkelveg til Marhyl	5 000 000	Statens vegvesen	
16	Homme	Gang- og sykkelveg til Homme	10 000 000	Agder fylkeskommune	
18	Furestøyl	Etablere rundkjøring, FV 450	10 000 000	Agder fylkeskommune	



# Trafikksikringsplan for Valle kommune

---



Valle kommune    Sentralbord: +47 37 93 75 00  
Postboks 4              E-post: [post@valle.kommune.no](mailto:post@valle.kommune.no)  
4746 Valle              [www.valle.kommune.no](http://www.valle.kommune.no)

---